



Vår dato:

28.01.2022

Vår ref:

2021/5979

Deres dato:

02.12.2021

Deres ref:

Ulstein kommune
Hareid kommune
Herøy kommune
Vanylven kommune
Sande kommune

Saksbehandler, innvalstelefon
Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Interkommunal kystsoneplan for ytre Søre Sunnmøre for kommunane Hareid, Herøy, Sande, Vanylven og Ulstein Offentleg ettersyn - Motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og bygesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Interkommunal kystsoneplan for kommunane Sande, Vanylven, Herøy, Hareid og Ulstein er lagt ut til offentleg ettersyn. Planen skal vere ein del av overordna styringsdokument som gir rammer for utvikling av sjøareala på Ytre Søre Sunnmøre, og planen skal fungere som ein informasjons- og planleggingskjelde for kommunane sine innbyggjarar, folkevalde og administrasjon, organisasjonar, næringsliv, sentrale forvaltningsorgan med fleire.

Hovudmålet til planen er å legge til rette for næringsutvikling (fiske og akvakultur) samtidig som det blir tatt omsyn til naturmangfold, friluftsliv, kulturminne, kulturmiljø, landskapsopplevelingar og rent hav. Slik skal planen bidra til at ytre søre Sunnmøre kan ta imot ny vekst i oppdrettsnæringa innanfor berekraftige rammer og i god sameksistens med andre brukarar. Det er også understreka at havbruksnæringa treng ein større arealfleksibilitet enn aktivitetar på land gjer, og ein ønskjer difor ein fleksibel plan.

Planen er ein kommunedelplan for sjøareala i dei fem kommunane, og planane skal kunne takast inn i arealdelen i kommuneplanane til desse kommunane. Planen må såleis vere eintydig og kunne inngå i arealdelen til kommuneplanane i dei respektive kommunane på lik linje med arealdelen på land, og så langt råd gi føreseielege rammer for både næringa og lokalbefolkninga. Sjølv om til dømes etablering av nye akvakulturlokalitetar også skal handsamast og godkjennast etter ei rekke andre lovverk, skal planen kunne gi reelle forventningar om kvar det opnast for slik aktivitet, og kvar det ikkje kan det.

Planprogram for planarbeidet var vedteke 15.11.2018.



Statsforvaltaren har ansvar for å samordne statlege motsegner. Denne fråsegna er såleis med i ordninga der vi fremmer motsegn på vegne av Fiskeridirektoratet.

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremmer vi motsegn til planen på følgande punkt:

Fiskeridirektoratet:

Arealformål 3.5: «Kombinerte formål akvakultur og ferdsel (AF)» VKA_AF må inkludere fiske der disse er nytta i område med viktige fiskeriinteresser. Dersom avsette VKA_AFF område ikkje inkludere fiske, har vi **motsegn** til bruken av disse også dersom det ikkje inkludere fiske.

Herøy kommune:

Manglande avsetning av to gytefelt som er verdivurdert som regionalt viktig, tre områder for aktive reiskap av nasjonal verdi, og eitt område for passive reiskap av vesentleg regional verdi.

Vanylven kommune:

- To gytefelt verdivurdert som regionalt viktig, tre områder for aktive reiskap av nasjonal verdi, og eitt område for passive reiskap av nasjonal verdi må takast inn i planen
- Einbruksområde VA_593 og fleirbruksområde VKA_AF_594 må takast ut av planen
- Fleirbruksområde VKA_AFF_621 må takast ut av planen

Ulstein kommune:

To gytefelt verdivurdert som regionalt viktig må takast inn i planen.

Sande kommune:

To områder for aktive reiskap av nasjonal verdi, samt eitt område for passive reiskap av vesentleg regional verdi må takast inn i planen.

Fiskeridirektoratet vurderer at planforslaget som er på høyring kjem i konflikt med fiskeriinteresser som er av nasjonal og/eller vesentleg regional betydning, jamfør plan- og bygningslova § 5-4 og rundskriv H-2/14.

Statsforvaltaren:

- **Mangefull konsekvensutgreiing med omsyn til naturmangfold**
- **Mangefull planomtale**
- **Mangler ved juridisk føresegn**

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Etter vår vurdering gir ikkje plandokumenta eit tilstrekkeleg grunnlag for å kunne ta stilling til arealbruken det blir lagt opp til i sjøareala i dette store området. Når det gjeld planomtale og konsekvensvurdering, kan vi ikkje sjå at desse oppfyller krava som gjeld for slike dokument, jf. plan- og bygningslova § 4.2. Det er eit svært omfattande materiale som er sendt på høyring, og dersom ein høyringsprosess skal vere reell, må dokumenta vere av ein slik karakter at både politiske mynde i dei respektive kommunar, ulike høyringsinstansar, lokalbefolking og andre interesserte deler av



befolkinga skal kunne sette seg inn i planen. Vi viser også til forvaltningslova si utgreiingsplikt, at forvaltningsorganet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før vedtak blir fatta. Vår vurdering er at det foreløpig ikkje ligg føre eit planframlegg som kan gi grunnlag for vedtak i dei respektive kommunane. Hovudintrykket er at planframlegget er uferdig.

Konsekvensutgreiinga

Konsekvensutgreiingsdokumentet er rikt på informasjon, men lid under mangel på redigering og system. Mykje av innhaldet hører ikkje til i ein KU, men er ein del av kunnskapsgrunnlaget som ligg bak. Innhaldesta manglar sidetilvising, noko som også bidreg til at det er krevjande å orientere seg i dokumentet og såleis vite kvar ein finn relevant informasjon. Mykje informasjonen står fleire stader, og er ofte også av ein karakter som ikkje verkar å vere objektiv og fagleg, men meir prega av høg prioritering av akvakulturinteresser.

Plan- og bygningslova § 4-2 seier at konsekvensutgreiinga skal gjere greie for og vurdere planen sine verknader for miljø og samfunn. Vi kan ikkje sjå at dokumentet vi har mottatt i tilstrekkeleg grad viser denne samanhengen. Etter det vi kan sjå er KU også svært mangelfull og uoversiktleg med omsyn til vurderingar etter naturmangfaldlova. Kap. II i denne lova stiller krav til at det ved utøving av offentleg mynde skal gjerast ei særskilt vurdering av naturmangfaldlovas prinsipp i §§ 8-12, jf. § 7. Det skal derfor gå klart fram korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt.

Rettleiaren «Planlegging i sjøområdene» frå Kommunal- og distriktsdepartementet gir råd om framgangsmåte, og kapittel 4 omhandlar konsekvensutgreiing, der 4.4. gjer greie for innhald og detaljnivå som krevst. Utgreiinga må gjerast etter anerkjent metode, og framstillinga må vere oversiktleg og systematisk. Vår vurdering er at planframlegget ikkje oppfyller dei forskriftsfesta krava som gjeld for utarbeidning av konsekvensutgreiingar. Vi vil også peike på at konsekvensutgreiinga skal vere reint fagleg og objektiv, og formuleringar som «*noen vil oppfatte det negativt*» må unngåast. Likeeins «*Det er en fare for at hensynet til smale miljøinteresser blir begrensende på næringsetvikling*». Desse utsegne etterlet eit inntrykk av at konsekvensutgreiinga har slagside og ikkje er ei reell utgreiing av konsekvensane av planframlegget.

Vi vil også peike på at der det er sett av til fleirbruksområde i eksisterande planer og at desse er endra til einbruksområde for akvakultur. Dette fører til at dei andre føremåla enn akvakultur blir utelukka og akvakultur blir prioritert fullt og heilt. Etter vår vurdering er dette endringar som krev konsekvensutgreiing, Vi viser til forskrift om konsekvensutgreiing ved. 2, punkt 1 f) og 13. , endring og utviding , KUF vedlegg 2, punkt 1 f) og 13.

Vi har forståing for at det er nødvendig med noko fleksibilitet i planen fordi det kan vere vanskeleg å vite eksakt beste plassering av ulike anlegg ved overordna planlegging. Men på den andre side gir store fleirbruksområde ein mindre avklart pårekna arealbruk. Tiltak i fleirbruksområde vil i stor grad avgjerast gjennom sektorlovverket, noko som betyr at i praksis har kommunane gitt frå seg styringa over arealbruken på sjø i sin eigen kommune. Etter vår vurdering er det difor uheldig med store fleirbruksområde i planen.

Vi vil også vise til utsegna under føremålet med konsekvensutgreiinga, punkt 1.2. Det står der at det ikkje er tilbakeverkande krav til KU, for når arealbruken er vedtatt i eit område er det aldri behov for å konsekvensutgreie på nytt, uansett kor dårleg det var utgreia frå før. Til dette vil vi peike på at kommuneplanen bør ha som målsetting å vise reelle område som er eigna for ulike føremål ut frå oppdatert kunnskap. Dersom ny kunnskap tilseier at eit område av ulike grunnar ikkje eignar seg for til dømes akvakultur, bør området sjølv sagt takast ut av planen.



Konsekvensutgreiinga må vere oversiktleg og tydeleg, slik at det er lett for alle å forstå kvifor ein konkluderer som ein gjer. Vi ber difor om at ein arbeider meir med dette, slik at dokumentet blir mogleg å setje seg inn i. Vi viser elles til uttalen til Møre og Romsdal fylkeskommune, der dei gir gode innspel til nødvendige endringar av planframleggelsen slik at det blir eit godt og eigna styringsverktøy for kommunane. Vi har **motsegn** til planen ut frå at konsekvensutgreiinga ikkje oppfyller dei formelle krava til korleis dette skal gjennomførast, jf gjennomgangen over.

Juridisk føresegna

Vi ser det er tatt inn ein del saksbehandlingskrav og andre krav frå særlover i dei juridiske føresegna. Dette må eventuelt tas inn som ein del av retningslinene, og ikkje som ein del av den juridiske føresegna. Grunngjevinga for dette er at det ikkje skal tas inn lovbestemte krav frå plan- og bygningslova eller andre særlover i den juridiske føresegna.

Vi ser at det for ein del av dei juridiske føresegna, ikkje er vist til kva som er rettsleg heimelsgrunnlag. Det skal for kvar enkelt juridiske føresegna gå fram kva som er rettsleg heimelsgrunnlag, sjå plan- og bygningsloven §§ 11-9 til 11-11.

Vi rår elles til ein generell gjennomgang av den juridiske føresegna. Det er viktig at den juridiske føresegna er klart og eintydig utforma, slik at det ikkje oppstår tolkingstvil om rekkevidde og innhald.

Vi ser også at konsekvensutgreiinga ofte konkluderer med nødvendige avbøtande tiltak, men då dette er ikkje alltid er vidareført som klåre krav i føresegna, får det liten verdi. Vi har **motsegn** til føresegna er retta opp.

Konklusjon

Statsforvaltaren og Fiskeridirektoratet har motsegn til planen. Vi meiner planforslaget ikkje held dei formelle krava for å legge planen fram for eigengodkjenning i dei aktuelle kommunane. Vi vil difor be om at planarbeidet blir ført vidare fram mot eit nytt offentleg ettersyn der manglane er retta opp. Vi tilrår at det blir arrangert arbeidsmøte framover slik at forvaltninga kan bidra i arbeidet fram mot ein plan som har ein slik kvalitet at den på nytt kan sendast ut på ny høyringsrunde. Dette kan gjerast med kvar enkelt statsetat, fylkeskommunen eller i fellesskap alt etter kva ein meiner er mest effektivt.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef- plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE Postboks 2500 6404 MOLDE
Kystverket
Fiskeridirektoratet